



Midt Telemark Landbrukskontor

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8114 Dep

0032 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.:	Dato:
Mottatt: 17. MAR 2013	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Dykkar ref:
12/822

Vår ref:
13/585-2

Saksbeh:
Dag Gjermund Roheim, 35957776
dgr@midt-telemark.no

Arkivkode:
FA-V60

Dato:
07.03.2013

Administrativ uttale til endring av jordlova § 12

Det visast til høyringsbrev datert 24.01.2013.

I høyringsbrevet er det vist til at endra § 12 vil gje kommunane vidare handlingsrom, og at ein går frå ein restriktiv forbodstanke, til å opne for frådeling på visse vilkår. Det er også eit formål om forenkling.

Midt-Telemark landbrukskontor har delegert fullmakt til å gjera vedtak etter jordlova § 12 i kurante saker i kommunane Nome, Bø og Sauherad. Dispensasjonssaker, og større og meir prinsipielle saker vert lagt fram for politiske utval i kommunane. Vi har særleg merknader til nytt 4. ledd, som går på praktisering og forvaltning av delingsparagrafen.

Merknader til nytt 4. ledd.


I føremålsparagrafen i jordlova er omsynet til busetting, arbeid og driftsmessige gode løysingar sidestilt. Med forslaget til nytt 4. ledd vil omsyna som skal vurderast i 3. ledd; driftsmessig god løysing, betre samsvar mellom eigedoms- og bruksstruktur og vern av landbruksressursane, bli satt til side og underordna omsynet til busetting. Det kan synast som omsynet til busettinga vert framheva og tillagt særskild vekt i forslaget som no ligg føre. Vi stiller spørsmål om dette er i samsvar med målsettinga i jordlova §1.

Dette kan hindre at ein får ei heilskapleg vurdering, og kan føre til at arealressursane ikkje vert bruka på den måten som er mest gagnleg for samfunnet og dei som har sitt yrke i landbruket. Omsynet til driftsmessig gode løysingar, vern av landbruksressursane og dei som har yrket sitt i landbruket kan lett bli skadelidande. På sikt kan dette føre til auka press på dyrka og dyrkbar mark, og svekke jordvernet.

Delingsparagrafen i Jordlova er i dag enkel å praktisere. Forslaget til nytt 4. ledd vil føre til at det er svært uklart kva verdi omsyna i 3.ledd skal ha i vurderinga. Dette vil føre til at delingsparagrafen vert uklar, med motstridande målsettingar, og vanskeleg å praktisere. Endringa vil etter vår vurdering føre til forvansking av regelverket i staden for forenkling.

Vi foreslår at 4. ledd vert teke ut, sidan busettingsomsynet allereie står i føremålsparagrafen. Alternativt at omsynet til busetting vert teke inn som pkt. 4. i 3. ledd, og jamstilt med dei andre omsyna.

Venleg helsing


Dag Gjermund Roheim
landbruksrådgjevar